

Ja til Hol kommune og tjenester nær folk!

Hol Senterparti ynskjer at Hol kommune skal halde fram som eigen kommune og samarbeide interkommunalt på områder der det er hensiktmessig og ynskjeleg. Dette meiner vi vil gi innbyggjarane og tilreisande dei beste tenestene, samtidig som vi har ein god, lokal politisk styring. Utviklingen av Hol kommune skal vere på innbyggjarane sine premisser og sett i forhold til deira behov, og levande bygder og aktive sentrum er viktig for vekst i heile kommunen!

Næring, reiseliv og landbruk

For å nå målet om 5000 innbyggjarar i Hol kommune i 2030, treng vi et breitt utval av arbeidsplassar. Kommunen skal være ein konstruktiv støttespelar for det private næringslivet. Det skal politisk arbeidast for etablering av statlege arbeidsplassar, og at Hol kommune er både vertskap for og har arbeidsplassar i dei interkommunale samarbeidsfora vi deltek i. Reiselivet som vår største næring må framsnakkast som arbeidsplass, og landbruket med produksjon basert på lokale ressursar må videreutviklast.

Hol Senterparti vil arbeide for

- Å sikre kommunen sine kraftinntekter
- Full mobildekning og fiberbreiband i heile kommunen
- At det ved kommunale anbod i størst mogleg grad skal brukast lokale leverandørar
- Å vidareføre buplikta og er positive til å oppheve slektskapsunntaket
- Å legge til rette for at statlege arbeidsplassar kan etablerast i kommunen
- Å ha attraktive næringsareal i alle grender, og at kommunen må vere ein konstruktiv samarbeidspartner i dette arbeidet
- At vedtekter for det kommunale næringstilskotet skal sjåast på og storleiken vurderast for å sjå om tildelinga bidreg til ynskjeleg utvikling
- Å ta vare på dyrka og dyrkbar jord, og sikre gode rammevilkår for matproduksjon basert på lokale ressursar
- At reiselivet skal ha gode rammevilkår, men andre næringar skal og sikrast for å auke breidda i næringslivet
- Å gjøre greie for bruk av lokal turistskatt (såkalt kurtax-avgift) som bidrag i fellesgodefinansiering
- At sti- og løypenemndene skal ha forutsigbare, økonomiske rammer. Kommunen skal bidra, men me forventer at næringdrivande og andre som nyter godt av tebodet også gjer det.

Miljø og samferdsel

Vårt materielle forbruk er ikkje bærekraftig, og vekst er ikkje å bruke meir, men å forvalte betre. Det er mogleg å bruke opp att, reparere og resirkulere. Dette må betrast og vi må oppmode fastbuande, tilreisande og næringslivet, til dette. Jernbanen bør vere det prioriterte transportmiddelet for tilreisande til vår kommune.

- Hol SP vil ha ein kampanje for å redusere forbruk og minske avfallsmengda. Det må bli enklare for hytteigarar og næringsdrivande å kildesortere. I matbutikkane ynskjer vi eigna avfallsdunkar for plast- og pappemballasje
- At nybygg i kommunal regi skal byggjast i tre
- At det kan gjennomførast ENØK–tiltak og vurderes bruk av alternativ energi i kommunale bygg
- Å legge til rette for etablering av gangsti langs offentlege vegar på yttersida av autovern. Arbeide for etablering av gangveg Brattåker – Djupedalen
- Det må stadig arbeidast for at RV 7, FV 40 og FV50 skal vere vintersikre vegar med god standard. Opparbeide attraktive stoppestader og informative innfallsporter til kommunen
- Økt bruk av offentleg- og miljøvenleg transport. Ferdigstilling av knutepunkt Geilo stasjon moggiggjer dette
- Framtidig trafikkavvikling i Geilo sentrum må avklarast i dialog med Statens Vegvesen

Oppvekst og kultur

For å bidra til busetjing i alle grendene i Hol kommune også i fremtida, må barn og unge få ein tilhørighet til heimplassen gjennom gode opplevelingar i oppveksten, og kjennskap til arbeidslivet gjennom summarjobber og lærlingepllassar. Barn bør få gå i sin nærbarnehage, og kommunen sine barnehagar må nyttast på best mogleg måte. Kommunen har skuler av ulik storleik som må nyttast til det beste for elevane, slik at alle kan oppleve lærings, mestring og trivsel. Bygningar og uteareal på skule og idrettsområdet på Geilo, må oppgraderast etter klart definerte behov og i et samspele mellom Hol kommune, Geilo IL og NTG.

- Vidareføre skule- og barnehagestrukturen
- Rullerande opptak i barnehagane gjennom heile året, og barnehageplass til alle der ungane bur
- Kyrkjene i kommunen er vår kulturarv og må takast vare på gjennom vedlikehald og aktivitetar
- Gjere kommunen meir attraktiv som lærlingebedrift og tilby skuleungdom summarjobb
- Skule- og idrettsområdet på Geilo må rustast opp
- Opprette rusfrie møteplassar for kommunens ungdommar, til dømes ungdomskafe på Geilo samfunnshus/ Fjellvang
- Frivillig ungdomsarbeid må få nytte kommunale ressursar til drift rundt i kommunen
- Støtte til lag og organisasjonar vidareførast, men fordelingen skal vurderast
- Auka tilskot til grendeutvala og gjere det mogleg å etablere fleire utval
- Bygdahall må sikrast for framtidig bruk og aktiviteter

Helse, omsorg og beredskap

En skal føle tryggleik i kvardagen og for eiga helse om ein er ung eller gammal, busett eller tilreisande. Hol Senterparti mener nærhet til helsetenester bidreg til dette, i tillegg til å gjere det enklare for pårørande å engasjere seg. I snitt er det 14000 mennesker i Hol kommune kvar dag gjennom heile året. Dette gir behov for ein utvida legeteneste, og ein lokal brann- og redningsetat med nærhet og lokalkunnskap. Kommunen må ikkje uten kompensasjon, lastast for statlege etatar som ikkje maktar å levere dei tenester dei er pålagt.

- Auke grunnbemanninga i pleie- og omsorg, for å redusere kostnaden ved bruk av overtid og vikarer
- Skulehelsetenesten må dimensjonerast for å møte utfordringane hjå barn og unge i dag
- Det skal vere fullverdig tilbod ved Geilotun og Høgehaug bu- og behandlingssentre, og legesenter i begge dalfører
- Frivilligsentralen skal kunne organisere praktiske tilbod i heile kommunen, for alle aldre og etter funksjonsevne
- Velferdssenteret skal vere eit sosialt lågterskeltilbod for dei eldste innbyggjarane
- Etablere eit felles beredskapscenter for alle nødetatar på Geilo
- Oppretthalde Hol brann- og redningsteneste
- Vi vil ha politiet fysisk tilstades i kommunen og vere tilgjengelege med åpningstid fleire dagar i veka. Politiet må være ein foroverlent samarbeidspartner i forebyggande arbeid
- Ambulanseberedskapen må styrkast
- Støtte ein samlokalisert jordskifte- og tingrett med utvida barnehus-funksjon på Nesbyen
- Nyte tenester ved Hallingdal lokalmedisinske senter og i Hallinghelse meir, for å oppretthalde best mogleg tilbod til innbyggjarane

Kommunal forvaltning og tillitsløft

Kommunen sin arealplan skal reviderast i komande valperiode. Vi må sikre at vi ikkje byggjer ned det produktet vi lever av, og omfanget av hyttebygging og konsekvensen av vedtaket om varme og kalde senger, må sjåast på. Utvikling av kommunen må skje i eit nært samarbeid mellom kommunen sine innbyggjarar, folkevalde og administrasjonen.

- Kommunale planar skal rullerast – innbyggjarane sine behov må sikrast gjennom rettferdig fordeling av planskapte verdiar!
- Utvikling av arealbruken må sjåast i samanheng med at vi er nasjonalparkkommune. Takten fritidsbustader blir bygd ut med må reduserast for å være bærekraftig, men og for at lokale entreprenørar og handverkarar skal kunne ta ein større andel av desse utbyggingane
- Eigedomsskatten skal bidra til å dekke fellesgodefinansiering, men må i større grad reflektere reell verdiforskjell mellom fritidsbustad og fast bustad
- Ha differensiert avgift på reguleringsplaner (billigare for bustader og næring, enn fritidsbustader) Andre avgifter som bør differensieresast er til dømes oppmålingsgebyr.
- Gjennom nært samarbeid mellom folkevalde, administrasjon og tilsette finne måtar som reduserer byråkrati og gir meir ansvar til dei som utfører kommunale tenester. Mindre måling og kontroll, og mer tillit og ansvar!

Sentralt i Senterpartiets verdigrunnlag er at ein ynskjer å byggje samfunnet frå botn gjennom eit breitt og levande folkestyre. Vi ynskjer å arbeide for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske forskjellar. Rettferdig fordeling, små forskjellar og sosial tillit, heng saman. Senterpartiet vil videreutvikle eit livskraftig næringsliv og eit godt, likeverdig og offentlig tjenestetilbod i heile Norge, uavhengig av kvar ein bur. Vi er imot ein uhemma markedsliberalisme, og løfter fram folkestyret og blandingsøkonomien som alternativ.

Vil du fortsatt kjempe for service og offentlige tenester i distrikta – stem Sp!